



Til

Lindås kommune  
v/ sakshandsamar / Siril Therese Sylta

Gjenpart til:

Vår ref

2011225\_LK\_tilleggsinfo\_bysok.docx

Deres ref

14/1712-14/16782

Dato

11. juli 2014

## GNR 202 BNR 3 HJELMÅS

### SAK: TRONG FOR TILLEGGSDOKUMENTASJON


Viser til Dykkar brev av 9.7.2014 og til våre svar pr epost av 10.7.2014.

Vi har vi gått gjennom vår byggjesøknad, som vart sendt til kommunen 17.2.2014. Basert på at Dykk no ynskjer meir info før Dykk kan handsama søknaden, har vi nedanfor laga ei oversikt over planlagte arbeid og ei liste over det som ligg føre av underlag.


### Grunnlag for tiltaket

Omsøkt tiltak ligg i eit godkjent regulert område Helleåsen med planid 1263-19032007.

Søknaden omhandlar bygging av infrastruktur og grovplanering av område BK ( område med



Figur 1 Reguleringsplan Utklipp



Figur 2 Oversikt område det vert jobba i og prioritert

konsentrert bustad). Søknaden omhandlar ikkje bygningar. Desse vert søkt separat og kjem seinare tilsvarande som det er søkt for gnr 202 bnr 154. Tiltakshavar ynskjer primært å få klargjort fase 1 /BK ( sjå kartutsnitt) . Del av dette er å skaffe straum til

området. BKK har opplyst at dei må etablere


trafo ved eksisterande høgspenn for å forsyne området. Del av fase 1 er derfor å byggja vegen fram til trafo og å leggja fram el-ledning.

## Dokument/ grunnlag for vurdering

Infrastrukturen for heile området er ferdig prosjektert basert på reguleringsplanen. Det ligg føre komplette arbeidsteikningar. Av desse er følgjande send til kommunen:

- Lengdeprofil av hovedveg - Veg 1 - teikning 201 ( vi sender gjerne også over alle tverrprofil)
- Lengdeprofil av VA-anlegg Trace 1
- Lengdeprofil av VA- anlegg Trace 4
- VA- Kumplan Trace 1 og 4


Vi har i tillegg sendt over ein illustrasjon som viser korleis en ser for seg området BK når det er ferdig. Dette er illustrasjonar og som vert byggesøkt separat.



Bk sett fra oppside

BK sett frå nedside

I alt prosjekteringsarbeid har vi nytta digitalt kartgrunnlag som grunnlag. Tilsvarende jobbar entreprenør baser på digitale data som vi utarbeider ved utplassering i terreng. I prosjekteringsarbeidet har vi bonitert og vi har nytte oppmålingsfirma til å kontrollere underlag. Dersom ynskjeleg kan vi skrive ut måldata der det er ynskjeleg i heile området.



Figur 3 Utklipp frå Gemini Terreng - Byggjegrup BK

## Mottakskontroll - tilleggsinfo

### Pkt 1 Situasjonsplan

Dykk har ettespurt situasjonsplan av tiltaka som skal utførast. Basert på at dette er infrastrukturen ikkje den enkelte tomten, meiner vi at plantekining av veganlegg og VA-anlegg samt oversikt over BK som vert grovplanert med slakt skrånande terreng mot vest, er svar på

punktet. Dersom Dykk ynskjer meir inkludert nøyaktige snitt, er det berre å seia får og vi sender dette.

## PKt 2 Teikningar

Vedlagte teikningar for vegen, VA-anlegg og område BK viser kva som er planlagt. Det ligg også føre profilsnitt av heile område BK. Desse vert ettersendt i løpet av nokre dagar. Dette fordi den som jobbar med dette er på ferie.

## Blankett 5175

Knytt til at søknaden berre omhandlar infrastruktur ikkje bygningar meiner vi at denne blanketten ikkje er aktuell. Vi har likevel valgt å fylle ut det som er mogeleg på skjema og lagt det ved.

Derimot meiner vi at det i blankett 5174 burde vore kryssa av i kva tiltak som skal gjerast.

Søknaden gjelder		Gnr.	Bnr.	Festnr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
Eiendom/ byggested	Gnr.	202	3					Lindås kommune
	Adresse			Postnr.			Poststed	
Planlagt bruk/formål	<input checked="" type="checkbox"/> Bolig	<input type="checkbox"/> Fritidsbolig	<input type="checkbox"/> Garasje	<input type="checkbox"/> Annet:	Beskriv			Bygn.typekode (jf. s. 2)
					Konsentrert bygging			136
Nye bygg og anlegg	<input type="checkbox"/> Nytt bygg	<input type="checkbox"/> Parkeringsplass	<input checked="" type="checkbox"/> Anlegg	<input checked="" type="checkbox"/> Veg	Vesentlig terrenginngrep			
	Endring av bygg og anlegg				<input type="checkbox"/> Fasadereparasjon			
		<input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg	<input type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Reparasjon	<input type="checkbox"/> Ombygging	<input type="checkbox"/> Anlegg		

## Oppsummert

Vi meiner at det som no er innlevert av dokument gjev grunnlag for å handsama søknaden. Skulle nok fortsatt vera uklart, er underteikna tilgjengeleg i heile ferien.

Vi vil også formelt gjera merksam på at vi i hele prosessen med prosjektet har vektlagt å følgja spelereglar. Vi sendte inn søknaden og det vart ikkje starta arbeid før det var gått 5 veker etter at denne formelt var motteke i kommunen.

Prosjekteringa er fullverdig utført og basert på reguleringsplanen m/ føresegn. (Vår firma kjenner området godt då vi også har regulert området).

Vi vonar at kommunen ser positiv på saka og handsamar den raskt. Dette knytt til at arbeidet er igong, og at stopp no kan føre til ekstra kostnader.

Vennlig hilsen

for

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen



Atle Utkilen

tlf 56168082 / 97067161